



Barnediskotek i Helgheim hausten 2006. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fredag blir det barnediskotek i Helgheim , fortel Rigmor Rasmussen i ungdomslaget til uskedalen.no. For 1. til 4. klasse er diskoteket frå 17.30 til 19 medan dei som går i 5., 6. og 7. klasse kan boltra seg frå klokka 19.15 til 22.

- Det blir sjølvsagt sal av brus, pizza, pølser og sno, men det nye denne gongen er at vi har fått i gang eit samarbeid med Rosendal om lys og lys.

Vi skal denne gongen kjøra diskoteket med ekte dj-ar og laga litt liv. Men prisen er den same som før – 30 kroner, opplyser Rigmor.